

Saksprotokoll i fylkestinget - 16.06.2021

Emil Gadolin (A) sette på vegner av A, MDG, SP, SV, V, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 2

Fylkestinget gjev fylkesrådmannen fullmakt til å opprette eit auka tal yrkesfagklassar i Stor-Bergen. Primært gjeld dette inntil seks klassar vg1 yrkesfag, men med moglegheit for noko fleire klassar dersom det er nødvendig for å nå målsettinga som skissert i punkt ein. Utvidinga skjer i samspel med yrkesopplæringsnemnda, og arbeidslivets behov og tilgjengelege lærlingplassar skal leggjast til grunn.. Løyvinga for 2021 vert å dekkja innanfor avdelinga sitt gjeldande budsjett.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1 og punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Gadolin sitt forslag vart vedteke mot 20 røyster (1U (Trym Aafløy), FRP, H, PP)

Det vart ikkje røysta over innstillinga punkt 2.

Vedtak

1. Innføringa av ny inntaksmodell med fleire rettar til elevane har avdekkja ei systematisk underdekking av elevplassar i Stor-Bergen. Samstundes er det ein auke søking til yrkesfaga. Denne auken er ei ønskt utvikling som er positiv for både ungdommane og lærebedriftene, men som samstundes skaper press på skulestrukturen på kort sikt. Koronapandemien har ramma fleire grupper i samfunnet, deriblant barn og unge.

Derfor ser vi det som ekstra viktig å strekkja seg langt i år for å koma ungdommane i møte. Det er forståing for at det er praktiske utfordringar med å auke kapasiteten i den aktuelle regionen på kort sikt, men fylkesutvalet vil i dette vedtaket sterkt signalisera at fylkeskommunen skal leggja inn ein ekstra innsats for å bøta på problematikken som er omtalt i saka. Fylkesutvalet er tvilande til at dei seks føreslegne gruppene er tilstrekkeleg til å unngå vidareending av søkjarar. Fylkesutvalet legg til grunn at ein skal unngå systematisk vidareending av søkjarar ut av det aktuelle nærskuleområdet.

2. Fylkestinget gjev fylkesrådmannen fullmakt til å opprette eit auka tal yrkesfagklassar i Stor-Bergen. Primært gjeld dette inntil seks klassar vg1 yrkesfag, men med moglegheit for noko fleire klassar dersom det er nødvendig for å nå målsettinga som skissert i punkt ein. Utvidinga skjer i samspel med yrkesopplæringsnemnda, og arbeidslivets behov og tilgjengelege lærlingplassar skal leggjast til grunn. Løyvinga for 2021 vert å dekkja innanfor avdelinga sitt gjeldande budsjett.

3. Meirkostnaden for 2022 vert handsama i budsjett 2022.